

REGLEMENT FOR BARNAS OG UNGDOMMENS KOMMUNESTYRE I GISKE (BUKS GISKE)

Barnas og ungdommens kommunestyre i Giske (heretter BUKS) skal:

- vere eit partipolitisk uavhengig talerør for ungdomen
- fremje ungdommen sine interesser
- stimulere til vidare politisk engasjement
- bli aktivt involvert som høyringsinstans i saker som angår ungdom i Giske kommune

§ 1. VAL OG SAMANSETJING

BUKS er ikkje eit formelt organ etter kommunelova.

BUKS blir sett saman av ein representant frå kvar klasse frå 7. og til 1. vidaregåande. Sistnemnde blir med eitt år etter at dei vart vald i 10. klasse på ungdomsskulen. Det velgast personleg vara, men desse møter berre ved forfall.

Funksjonstida for alle representantane er 2 år, men slik at halvparten er på val kvart år. Leiar og nestleiar blir vald kvart år.

I tillegg vel kommunestyret ein politikar som skal fungere som mentor for BUKS. Funksjonstida er kommunestyreperioden.

Val av medlemmar til BUKS skal skje gjennom ein eigen ungdomskonferanse på skulane snarast råd etter skulestart på hausten. Her kan ein få lære om lokaldemokrati og kva organet kan jobbe med. Dei som vil stille til val til organet presenterer seg og dei sakene ein brenn for. Deretter skriftlege val i kvar klasse. Kjønnsbalanse er viktig, om muleg å få til. Medlemmar frå sitjande BUKS kan besøke klassene for å informere om kva dei har jobba med siste åra.

BUKS konstituerer seg sjølv snarast råd etter skulestart ved å velje ordførar og varaordførar. Vala skjer ved simpelt fleirtal.

Dersom nokon sluttar i BUKS, trer varamedlem inn fram til nytt medlem er vald. Varamedlem kan velgast som ny medlem.

§ 2. ANSVARSOMRÅDE

BUKS er eit rådgjevande organ for kommunen som:

- skal gje politikarane i kommunen råd om handsaming av saker som angår barn og ungdom
- kan ta opp saker som dei meiner er viktige for barn og ungdom i Giske
- innstiller til fordeling av «ungdomsmidlane» (kulturmidlar)
- vel utsendingar til Ungdommens fylkesting (UFT)
- har ein pengesum til disposisjon i arbeidet sitt for å kunne gjennomføre eigne aktivitetar
- etter avtale med ordførar kan få halde innlegg i kommunestyret, f.eks. som ungdommens spørjetime (spørsmål til kommunestyret, innlevert før møtet) og / eller ved at dei på starten av møta får leggje fram sine synspunkt på saker oppsett på sakskartet
- marknadsfører BUKS utad gjennom bl.a. sosiale media

- skal ikkje behandle saker som gjeld enkeltpersonar, og har ikkje mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker.

BUKS må på starten av valperioden få opplæring i politisk arbeid, informasjon om kommuneorganisasjon, påverknadskanalar som dei kan bruke i arbeidet sitt m.m.

§ 3. SAKSGANG

Her gjeld formannskapet sitt reglement så langt det høver.

Dei ulike einingane i kommunen skal leggje fram saker for rådet som vedkjem ungdom. Saksbehandlar må møte når det er muleg. Sakene skal vere forsvarleg utgreidde av rådmannen. Dette betyr at aktuelle løysingar, konsekvensar og rådmannen sitt forslag til vedtak (innstilling) skal gå fram av saksutgreiinga. Samtidig bør sakene vere tilpassa barn og ungdom.

§ 4. MØTA I BUKS Giske

Møta skal som hovudregel haldast for opne dører – jf. [kommunelova § 31](#) nr. 1. Unntak frå hovudregelen går fram av kommunelova § 31 nr. 2-5.

Når møte blir halde for stengte dører, skal dette først i møteprotokollen saman med lovheimel for vedtaket. Når ei sak blir behandla for stengte dører, pliktar medlemmane og andre som er til stades å teie om forhandlingane og dei vedtak som blir gjord. Teieplikta gjeld til noko anna er vedtatt, eller til teieplikta av andre årsaker har falle bort – jf. [forvaltningslova § 13](#).

BUKS skal ha møte minst ein gong i halvåret, eller når leiar og nestleiar saman, eller eit fleirtal av medlemmene, finn det nyttig. Ved fastsetting av dato for møta, må ein sjå dette i samband med møteplan for andre politiske møte, gitt at det passar med bl.a. prøve- og eksamensplanar.

Leiar med bistand frå sekretær / koordinator set opp sakliste og kallar inn til møta. Innkalling blir normalt sendt med 5 dagars varsel, møtedagen medrekna. Ev. saksdokument skal sendast medlemmene, varamedlemmer og andre med møterett.

Rådet kan få oversendt saker til skriftleg uttale når det ikkje er tid til å vente på neste møte.

Møte skal kunngjerast digitalt på kommunen sine internettsider eller på annan føremålstenleg måte. På kommunen sine internettsider skal saklista og andre offentlege dokument vere tilgjengelege for publikum.

Forfall skal meldast til sekretær, ev. til servicekontoret, snarast med opplysningar om forfallsgrunn. Vara møter berre etter nærare innkalling.

BUKS set møte når minst 40 % av medlemmene (inkl. ev. varamedlemmer) er til stades. Ved likt stemmetal er møteleiar si stemme avgjerande (dobbelstemme).

Møte blir leia av leiaren eller nestleiar. Har begge forfall, skal det ved fleirtalsval veljast ein særskild møteleiar.

Varigheit på møta er sett til maks 3 timer. Ramma kan utvidast ved spesielle høve. Møtetid bør vekslast mellom ettermiddag f.eks. kl 1400 – 1700 eller kveld kl 1600 – 1900. Det bør serverast møtemat sidan møta skjer mot slutten av og rett etter skuletid. Eventuelt fråvere frå skulen i samband med møta skal kunne gi rett til gyldig politisk fråver.

Arbeidsmetodikken i møta må varierast mellom kreative drøftingar med utgangspunkt i tema (workshop), munnlege drøftingar, uttale til ordinære politiske saker og behandling av saker som er spesielt utforma for BUKS.

Møteleiaren skal før behandlinga av saker på saklista tek til, gjere medlemmane merksame på den plikta den enkelte har til å seie frå om forhold som kan gjere han / ho inhabil ved handsaminga av saker på saklista.

Det kan veljast ansvarlege for kvar sak slik at ikkje alle medlemmane treng lese alt like inngående. Ansvarlege må presentere saka før behandling.

BUKS kan på sjølvstendig grunnlag opprette komitear (ad hoc-utval) til å førebu behandling av saker og til å utføre særskilte verv innanfor sitt ansvarsområde. BUKS kan når som helst vedta å leggje ned ein slik komité (ad hoc-utval).

BUKS kan arrangere opne høyringar om saker dei har til behandling.

BUKS kan med alminneleg fleirtal vedta å utsette behandlinga av ei sak på den utsendte saklista.

Alle medlemmane kan rette spørsmål til leiaren, også om saker som ikkje står på saklista. Møteleiar kan avgjere at svar først kan gjevast i eit seinare møte.

Rådmannen har møte-, tale- og forslagsrett, personleg eller ved ein av sine underordna, i rådet sine møte.

Ordføraren har møte- og talerett i rådet sine møte, men ikkje stemme- og forslagsrett.

Vedtak vert gjorde med alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal i andre saker enn val, er møteleiaren si stemme avgjerande.

Utover dette skal reglement for kommunestyret §§ 11 om inhabilitet, 14 om ordskiftet, 15 replikk, 16 dagsorden, 17 ordskiftet, 18 avslutning av ordskiftet, 19 forslag, 21 – 23 om votering / stemming, 25 interpellasjon, 26 grunngeve spørsmål og 30 orden i lokala gjeld så langt det er tenleg, jf. ulike arbeidsmetodar og at BUKS ikkje skal vere eit formelt organ etter kommunelova.

Sekretær / koordinator fører protokoll (møtebok) frå møta i rådet. Protokollen blir sendt ut til representantane etter møtet. Protokollen skal følgje saksdokumenta til dei organ som skal behandle saka / sakene vidare, herunder til det organet som tek endeleg avgjerd.

I protokollen skal det førast opplysningar om tid og stad for møtet, innkallingsmåte, fråverande medlemmer og møtande varamedlemmer. Går nokon frå eller kjem til under møtet, skal dette førast inn slik at det går fram kven som har teke del i handsaminga av kvar einskild sak. Det skal vidare gå fram av møteboka kva saker som har vore handsama, alle forslag som har vore fremja og stemde over, og voteringsresultatet i kvar enkelt sak.

§ 5. SEKRETARIAT

Rådmannen har sekretariat- / koordinatorfunksjon. Barn og ungdom sin representant blir trekt med når dette er naturleg.

- Vedtektene er godkjent av Giske kommunestyre 15.06.2017, sak 026/17 -